



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 3, 60. ÅRGANG, 2021



GULLKONFIRMANTAR 2021

FYRSTE RAD FRÅ VENSTRE: Sokneprest Eli Vatn, Vigdis (Enger) Skrindsrud, Dagny Birgitte Sterten Wangensteen, Marit Kjellaug Wårum Bjørgo, Liv (Klinkenberg) Øvretun, Anne Brith Bakkene Olsen, Gudrun Kristine Sælid, Marit Ingrid Håvi

ANDRE RAD FRÅ VENSTRE: Sigrid Rogne Harildstad, Gudrun Vingdal, Liv Astrid (Nyhagen) Reinlie, Eli Granli Helland, Else Marie Myrvold, Reidun Kjellfrid Dokken, Astrid Rogne

TREDJE RAD FRÅ VENSTRE: Terje Steinsrud, Steinar Skogheim, Kjell Ottar Stølen, Ole Christian Rynning, John Nordtorp.

PÅ KYRKJEVEG

Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar: Sokneråda i Øystre Slidre.
Bladet kjem med 4 nummer i året.

Redaksjon: Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick,
Gunvor Hegge og Oddveig Holdal Weeg.

Konto nr.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

Lay-out: designsaskia.no

Trykk: Bekkevolds Lyskopi ANS

I **dette nummeret** er det spesielt fokus på Volbu sokn. I neste nummer vil vi fokusere på Rogne sokn. Kom gjerne med idèar til stoff.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer:

Tirsdag 2. november 2021

Framsida: Gullkonfirmantar 2021

Foto: Line Therese Ditlefsen Nilssen



DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrjekontoret, Tingvang, Bygdinvegen 1989,
2940 Heggenes

E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID: Alle dagar 10 - 14

DAGLEG LEIAR: Ove Ekerbakke	61 35 25 76
SOKNEPREST/FJELLPREST: Eli Vatn	991 29 976
PROST: Carl Philip Weissner	915 55 504
SEKRETÆR: Oddveig Holdal Weeg	61 35 25 78
KYRKJEGARDSARBEIDAR: Jon Gunnar Solhaug	61 35 25 80
KYRKJEMUSIKAR: Magne Olav Selland	934 19 294
TRUSOPPLÆRAR: Marianne Straum	

SOKNA VÅRE

HEGGE KYRKJE Vipps: 515422

Klokkar: Ola Magnus Vatn Weissner
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
Reinhaldar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Arnstein Alund

VOLBU KYRKJE Vipps: 590221

Klokkar: Hildur Vingdal
Kyrkjetenar: Svein Hegge
Reinhaldar: Svein Hegge
Soknerådsleiar: Øystein Skattebu

LIDAR KYRKJE Vipps: 135151

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Harald Melby
Reinhaldar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KYRKJE Vipps: 587467

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne
Reinhaldar: Svein Erik Rogne
Soknerådsleiar: Eli Døvresdegård Skattebu



SOKNEPRESTEN HAR ORDET

Fredssamtalar

Ein vakker septembarmorgon møttes vi fire som ville forsøke å gå opp ei rute for ei vandring i sporet etter Olav Den Heilage. I 2023 er det tusen år sidan han skal ha reist gjennom Valdres. Olav har fått æra for å kristne Norge i tråd med oppfatninga av at alt det meste av betydning er gjort av menn med sverd.

Eg har to kors eg er svært glad i. Det eldste kjøpte eg då eg var ung student i Oslo, eg såg det i vindauga hos David Andersen, det var kopi av eit kors funne 3- 4 km frå garden der eg vaks opp. Det var noko heimleg, trygt, stødig med dette korset som eg kunne identifisera meg med, sjølv om eg var i opposisjon til mykje i kyrkja slik eg kjende henne den gongen. Det andre korset er kopi av eit kors funne på Hamar som eg fekk då eg vart ordinert til prest. Originalane til begge desse korsa er datert til 8-900 etter Jesu fødsel, altså lenge før Olav Haraldson reiste gjennom landet. Det fortel og ei historie om korleis landet vart kristna, om slavar og reisande som tok med seg denne fredelege trua som ga dei svake respekt. Vi kan sjå for oss korleis dei har fortalt historiene om Jesus, han som såg dei små og utstøytte, ga dei sjuke håp og korleis ein kross kan ha gitt håp og tryggleik. Nært, frå munn til munn utan massemedia- eller den gong Snorre- som kunne vinkle dette til å handle om makt og motsetningar.

Eg ynskjer meg dei gode samtalene, der vi deler gode tankar, gir kvarandre håp og menneskeleg varme. Noko har kan hende skjedd i vår erkjenning av makta i ordet; også den destruktive makta som ordet kan ha. Det har vore håpefullt å sjå korleis Erna Solberg og Jonas Gahr Støre har gitt kvarandre honnør for god leiing av landet. Eg lengtar etter dei gode samtalene der vi går ut av samtala litt klokare enn vi gjekk inn i ho. Vi treng ikkje vera einige for at det skal bli ein god samtale. Men vi treng å lytte, verkeleg høyre på kvarandre.

Ei av dei store gledene denne sumaren var å arrangere fredssamtale 22. juli. Å lytte til desse kloke menneska vi hadde i panelet, som også lytta til kvarandre og drog tankane vidare og gav oss alle håp .

- Eli



Bibelske reiseråd

AV: ANITA DALEHAVN

FOTO: PRIVAT

Vi har lagt en sommer bak oss, og mange har vært på reisefot. De siste årene har vi ikke kunne reise hvor vi ville, og det har vært utfordrende å klare å følge med på hvilke reiseråd som til enhver tid har vært gjeldende. Hvilke råd og lover, vaksiner og tester må vi følge? Hvilke land kan vi reise inn i – og kommer vi hjem igjen? Selv har jeg brukt en del tid på å finne ut av hva som gjaldt da jeg satte kursen for Norgesferie i sommer. Hva sier FHI, hva sier Valencia-regionen, hva står i avisen og på nett – for ikke å snakke om alt man kan lese på Facebook!

Bibelen har også noen reiseråd som ikke begrenser seg til ferieplanlegging, men mer livet som helhet. Men heller ikke her er rådene entydige. Hos profeten Jesaja kan vi lese under overskriften «Spør etter de gamle veiene»: Still dere på veiene og se! Spør etter de gamle stiene, etter veien til det gode! Gå på den, så skal dere finne hvile for deres liv. Men litt seinere i samme boka står det: Dere skal ikke minnes de første ting, ikke tenke på det som hendte før. Se, jeg gjør noe nytt. Nå spirer det fram. Merker dere det ikke? Ja, jeg legger vei i ørkenen, elver i ødemarken. Her er overskriften «Noe nytt spirer fram».

Kanskje er det ikke sånn at det er enten-eller. Noen ganger er det best å følge opptråkkede stier. Jeg er prisgitt veiskilt, noen som har gått Fjellstafetten før meg og satt opp piler i riktig retning. Steiner med røde T-er hjelper meg i fjellheimen. Noen har gått der før, vi kan følge i trygge fotspor. Mens andre ganger må vi kanskje bevege oss i ukjent terreng, oppsøke noe nytt, finne vår egen vei og lage egne spor. Hver ting til sin rette tid. Og begge deler hører livsvandringen til. Kanskje havner vi på et sted vi ikke visste om, eller hadde tenkt oss til – på godt og vondt. Men det er livet, det også!

Hver torsdag ber vi i Sjømannskirken verden over: Gud, vær med oss på alle våre reiser, de frivillige og de ufrivillige. De indre reisene og de ytre, de som leder bort og de som leder hjem.

Nå går det mot vinter. Noen skal sette opp brøytestikker, noen skal kjøre opp skiløyper. Av og til følger vi dem, av og til trækker vi nye, egne spor.

Uansett- fortsatt god vandring, både på kjente og ukjente veier!

Veivalg på pilgrimsvegen til Santiago. Foto: Anita Dalehavn



Verdivandring i Volbu

TEKST OG FOTO: MARTHA VIKEN



Etter ein varm og fin sommar var denne fyrste torsdagen i haustmånaden september både grå og vindfull. Men trass i veret hadde over 30 møtt opp ved Volbu kyrkje, og kultursjef Kari Onstad kunne ynskje oss alle vel møtt.

Ho fortalde at kommunen, ved kommuneplanleggjar og kultursjef, hadde styrt arbeidet med å lage ein kulturminneplan for Øystre Slidre for åra 2021-2033.

Det har og vore sett ned ei ressursgruppe frå historielaget, spel- og dansarlaget, helselaget og Vernevøla og andre interesserte som har vore nyttige medhjelparar i dette arbeidet. Denne planen ligg no ute på heimesida til Øystre Slidre til høyring. Høyringsfristen var 1. september 2021.

I «Bakgrunn og mål for planen» står det at kommunen har eit ansvar for å ta vare på kulturminne og kulturmiljø slik at neste generasjon kan ha nytte og glede av dei. For å ta vare på desse minna, må ein ha kjennskap til dei og vera klar over kva verdiar dei representerer. I denne samanhengen kan ein kulturminneplan vera eit nyttig verkøy for kommunen. Kulturminne er definert som alle spor etter menneskeleg verksemd som t.d. lokalitetar der det knytter seg historiske hendingar, tru og tradisjonar til.

Ettersom Kari Onstad sjølv er oppvaksen og no bur i Volbu, var det ei glede for henne å byrje verdivandringa her. Ho hadde fått med seg hjelp på vandringa av faren sin Torgeir Onstad og gardbrukar Torleiv Idstad.

Vølbua (med tjukk l) er det minste soknet i Øystre Slidre både med omsyn til utstrekning og folketal, men likevel har det vore og er jordbruks- og kulturbygda framfor alle – rekna som sjølve «Gosen» i kommunen. Her ligg dei gamle gardane tett i tett, mange av dei i Valdres-målestokk store, og rekna som framifrå korngardar. I eldre tider var det alltid kornet som var grunnlaget for velstandskår.

Verdivandringa byrja på Tørget, sjølve midtpunktet og møteplassen i bygda. Her på Tørget går vegane i alle retningar, og her var før butikk, postkontor og telefonsentral m.m. I dag

har det verkeleg fått liv att med ei flott Infobua med kart over Volbu med heimstølar og fjell og historikk. Kvar 1. sundag i advent blir julegrana tent her m.a.



Infobua på Tørget, sjølve midtpunktet og møteplassen i bygda. Bilete øvst på sida viser taket i infobua.

Vidare opp frå Tørget ligg prestegarden. Løkji var prestegard alt i høgmedalderen, men etter reformasjonen vart Løkji ein gard som høyrde til Slidre prestebol. Løkji fekk seinare status som enkjesete, men då Slidrebygdene skilde lag i 1847 vart Løkji prestegard på nytt, og som prestegard vart garden det naturlege sentrumet i bygda. Dei fyrste kommunestyremøta for Øystre Slidre vart haldne her. Vølbua blir etter dette hovudsokn i Øystre Slidre.

I 1918 vart Nedre Veningstad forpakta bort til forsøksgard for norske fjellbygder, men i 1921 vart den flytt til Løkji, og då vart det bygd ny prestebolig eit stykke unna, og der har prestane i Øystre Slidre budd sidan.

Vel komme opp til inngangsporten til prestegarden, vart me møtt med musikk. Prosten vår, som saman med kona,

sokneprest Eli, har kjøpt og eig prestegarden i dag, er kreativ og oppfinsam på mange vis. Som ein del av trusopplæringa har han fått sett opp fleire musikkinstrument rundt omkring. Jammen gjekk det an å spele på dei og! Han har og rydda «ein hemmeleg stig» som me fekk gå og som kom att ved den gamle kommunestallen og Stupulen ved Vølbua kyrkje. Artig! Kommunestallen vart bygd i 1846 med plass til seks hestar. Den gamle stupulen står på ein gravhaug frå vikingtida, ca. 400 e.Kr. Klokkene i stupulen er frå den gamle stavkyrkja.

Då det vart bygd kyrkje på Løkji var det ikkje tilfeldig. Dei fyrste kyrkjene vart ofte reist der dei norrøne gudane hadde vorte dyrka. Ei stavkyrkje som truleg vart bygd på 1200-talet vart riven i 1820-åra fordi ho var for lita, og kyrkja som står der i dag er bygd i 1830, årstalet står på kyrkjespiret. I katolsk tid vart stavkyrkja vigd til martyren Blasius og vart kalla Blåskyrkja. I bygdeboka står det at det truleg har stande ei endå eldre stavkyrkje her, då dei fyrste kyrkjene vart reiste like etter kristningstida i år 1000. Ved utgravinga av kyrkjegolviet i 1969 vart det funne myntar frå Håkon Håkonssons tid – og forskjellige materiell tilhøyrande den gamle stavkyrkja, noko låg og i kommunestallen. Dette vart teke vare på, og det vart laga eit Stavkyrkjemuseum i samband med



Kommunestallen, bygd i 1846 og den gamle stupulen.

bårehuset. Einar Moen orienterte om arbeidet om å få til dette museet.

Vølbua gamle skulehus, var den fyrste faste skulen i Øystre Slidre, og den andre i heile Valdres. Ho var både skule og kommunehus i over 60- år frå 1853-1919, då Tingvang vart bygd. Sparebanken og det fyrste folkebiblioteket held også til her.

I Vølbua vart det og bygd eit hotell av norsk-amerikanaren Sigurd Jørstad i 1880-åra. Det vart seinare Sanatorium, og bygget stod til i 1980-åra.

Ja, at Vølbua sokn har vore og er eit framtidretta sokn er i alle fall sikkert. I dag og ligg fleire viktige

samfunnsfunksjonar her. Særleg rundt Storefoss og Herangosen,- t.d. Tingvang, Øystre Slidre ungdomsskule, sparebanken, Storefoss idrettsanlegg og Gapahuken ungdomslokale for å nemne nokre.

Torleiv og Torgeir fortalde mykje meir om ulike historiske hendingar, mellom anna om alle gravhaugane på Idstad og Løken.

Verdivandringa vart avslutta på «Minnelunden» der grendelaget og helselaget diska opp med kaffe og kaker. Kari Onstad takka alle som hadde bidrage til vandringa og alle som hadde møtt fram.

MIN SALME



Det hev ei rose sprunge

Det hev ei rose sprunge
Ut av ei rot så grann
Som fedrane hev sunge
Av Jesse rot ho rann
Og var ein blome blid
Midt i den kalde vinter
Ved mørke midnatts tid

Om denne rosa eine
Er sagt Jesajas ord
Maria møy den reine
Bar rosa til vår jord
Og Herrens miskunns makt
Det store under gjorde
Som var i spådom sagt

Guds rose ljuvleg angar
Og skin i jordlivsnatt
Når hennar ljøs oss fangar
Ho vert vår beste skatt
Me syng i englelag:
No er det fødd ein Frelsar
Og natta vart til dag

Den aller finaste salmen for meg er "Det hev ei rose sprunge".

Eg minnes eit fint pynta hus, ein julekveld og eit pynta julebord. Alle rundt bordet, vi 6 borna, mor, far og bestefar. Bestefar i høgsete – ein plass far tok naturleg over etter kvart.

Høgtid, fest, song og den gamle familiebibelen oppslått på bordet. Kjent og kjær.

"Salma vår" starta og avslutta julekvelden med fleirstemt song av små og store.

Ei anna tid, andre tradisjonar, men godt å kunne minnast.

Det går fort mot jul... God haust og førjulstid til dykk alle.

Liv Hirth Skjel

Tekst: Friedrich Layritz
- omsett frå tysk av Peter Hognestad.

Stølsmesser

– Rensend

25. juli Volbu sokn

tekst og foto: Bjørg Kristin Skogen Opheim

Vi vart godt mottekne av Ingun Warberg og Magne Vestheim som var vertskap. Torgeir Onstad spelte trekkspel, og vi fekk nyte fin musikk i ein vakker fjellheim.

Vertskapet ynskte oss velkomne og sokneprest Eli Vatn losa oss trygt gjennom messa med Rundemellen som bakgrunn og kubjella som klang innpå stølsjordet.

Det var over sytti deltakarar som møtte opp på denne fine og varme dagen.

Etter messa var det tid til hyggeleg samvær og god traktering. Tusen takk til vertskapet og alle frammmøtte.



– Lykkjestølen

1. august Lidar sokn

tekst og foto: Turi Hedalen

Sundag 1. august inviterte Kristin, Andres, Marianne og Nils Skrebergene til stølsmesse på Lykkjestølane ved Vingsteren. Dei tok imot oss på ein vakkert pynta stølsvoll der ungane sprang fritt og kyr og geiter beita i haugane rundt.

Magne Olav Selland sto for vakkert munnharpe- og felespel og prost Carl Phillip Weisser held gudstenesta. Nils Skrebergene opna med å fortelje litt om støslaget.

Veret snudde denne dagen. Temperaturen sank og vinden kom rett frå Valdresflye. Difor det var godt å ta fram ullgenseren og teppa. Nils hadde sett bilen sin slik at den skapte ly for dei rundt 30 frammmøtte.



Vi kunne sitja og høyre på gudstenesta, sjå utover den storslagne naturen og høyre ungar leike i bakgrunnen. Det var ei flott ramme rundt stølsmessa denne fyrste augustdagen.

Etter kvart titta sola fram, vinden løya og praten gjekk lett under den flotte

bevertninga som støslaget sto for.

Etter ei koseleg stund kunne vi reise heim mette både på flotte naturinstrykk, gode ord og mykje godt i magen.

Tusen takk til familien Skrebergene for at vi fekk kome. Vi kjem gjerne att.

– Kristensonlægeret

8. august Rogne sokn

tekst og foto: Eli Døvresødegård Skattebu

Stølsmesse er ein triveleg tradisjon, og 8. august var tre generasjonar frå Sørre Skattebu i sving som vertskap.

Dagens tekst var om kviledagspåbudet som er gitt til oss menneske. Å bruke kviledagen til stølsmesse, og høyre presten vår Eli tala godt om kor viktig kviledagen er, var fint.

Livet er ei stor gåve med mange moglegeheiter. Mange lever hektiske kvardagar og mange føler på stress. Vi vil så mykje, men vi treng kvile og tid til refleksjon. Dette treng me å bli minnt på.

44 personar tok turen til fjells på denne kviledagen. Etter messa kosa vi oss med kaffi, gode kaker og ein god prat. Ein ekstra takk til «gamlebudeia» for kvikaker, rømme og moltesyltetøy!

Takk til Tor Skattebo med familie for at vi fekk koma til dei!



– Glåmstølen

16. august Hegge sokn

tekst og foto: Liv Astrid Reinlie

Sundag 15. august var det stølsmesse på Glåmstølen, hjå Monja Dalen. Tradisjon tru for Hegge sokn var det denne gongen og ei «pilegrimsvandring» før messa. Tema denne gongen var «vatn». Gustav Fystro fortalde om temaet til dei

som var med på turen.

Rundt 30 kom så til gudstenesta; der sokneprest Eli tok temaet «vatn» med inn i tekst og salmar.

Gunvor Hegge spelte for oss på langeleiken sin, og Magne Olav Selland deltok på fele og munnharpe.

Kaffe og rikeleg med kaker vart servert av soknerådet.

Ei fin stund med utsikt mot fjell og vatn.



Heilt **Fyrste- klasses** gudsteneste med utdeling av 6-års bok

Sundag 22. august var alle fyrsteklassingar inviterte til kyrkja.

Frå Lidar skule møtte to og frå Rogne skule 10 spente fyrsteklassingar. Dei deltok på «Heilt fyrsteklasses gudsteneste» saman med prost Carl Philip Weisser og trusopplærar Marianne Straum.


Dei fekk «Mi kyrkjebok 6» av sokneråda. Vi ynskjer alle dei flotte borna til lukke med fyrsteklasse.



LIDAR KYRKJE:
Tvillingane Hedda og Aksel Kårstad Dale saman med far Håvar Dale og prost Carl Philip Weisser. *Foto: Inger Marit Viken*



ROGNE KYRKJE:
Frå venstre: Emil Andreas Sebu Størdal, Knut-Yohannes Dadafo Hovi, Halldor Hegge Blomlie (gøymt), Markus Oliver Løkkebø, Henry Lihagen Skrindsrud, Emil Hagen Bergene, Sunniva Alund, Mathilde Solhaug Wangensteen, Frida Grønvold og Thias Øye Henriksen. *Foto: Espen Rogne*



Konsert i Lidar kyrkje – innviing av nyrestaurert orgel

TEKST OG FOTO: MAGNE OLAV SELLAND

Sundag 28. november inviterer Lidar sokneråd og kyrkja i Øystre Slidre til konsert i Lidar kyrkje for å feire restaureringa og utvidinga av orgelet som vart fullført i august i fjor.

Konserten var opprinneleg sett opp november 2020, men måtte då utsetjast på grunn av koronarestriksjonar.

Med på konserten har me fått Valdres Kammerkor som framfører utdrag frå Händels Messias. Det blir også musikk ved andre solistar i samspel med orgel, musikk for orgel solo, og salmer til allsong.

Konfirmantar 2021-22

Nok ei flott vandring frå Volbu til Hegge kyrkje 29. august for konfirmantane ved oppstart av året.



Vi vandrar med freidig mot!



Vi lærer om nattverden.

Gullkonfirmantar 2021 - Bilete på framsida av bladet

Det var med stor spenning jeg møtte opp til gullkonfirmant-treff i Hegge kyrkje 26.09 2021. Vi var 39 ungdommer som ble konfirmert 20.06 1971, og hvor mange ville komme til treffet, og ville vi kjenne hverandre igjen? Hele 19 møtte opp på "kyrkjevengen", og praten gikk allerede lett mellom oss.

Etter ei fin gudstjeneste der neste års konfirmanter deltok, gikk vi til kyrkjestogo. Her servere medlemmer fra sokneråda i Hegge og Lidar middag som var laga på Moahaugen.

Vi fikk lov å fortelle litt om hva vi husket fra konfirmanttida og hvor livet hadde ført oss videre. Mange minner dukka opp, og latteren satt løst. Jeg tror alle kosa seg, og tida gikk fort denne fine høstsøndagen.

- Liv Astrid Reinlie



ALTARTAVLER
AV: SOLVEIG SANDBERG

Altartavla i Volbu kyrkje

Den kvitmåla tømmerkyrkja i Volbu sto ferdig rundt 1830. Det hadde stått ei stavkyrkje på same staden tidlegare, men den vart nedteken og erstatta av dagens kyrkje.

La oss sjå litt nærare på den gamle altartavla som prydar altaret i Volbu. Kunsthistorikar Sigrid Christie hevdar at tavla var ny kring år 1790. Ho er måla av Valdresmålar Ole Hermundson Berge (1768-1825) som hadde gått i målarlære hjå mellom andre Peder Odnnes. Unge Berge eller Juvkam som han heitte på den tida, var berre om lag 20 år gamal då han måla denne tavla.

Sjølve tavla er samansett av breie ståande bord med listverk som dannar felt med måla motiv frå Jesu siste levedagar. Nedst og sentralt i tavla ser vi Jesus med disiplane. Dei har det siste måltidet saman og Jesus innstiftar nattverden.

Øvst ser vi frå Jesu lidning på korset der hovudet hans er omkransa av ein stråleglorie. To knelende englar samlar blod frå Jesu lidande sår i ein kalk og i ei vinkanne. Ved foten av korset ligg Adams kranium og knoklar. Altartavlar frå denne tida har typisk nok også ei framstilling av Moses med lov-tavlene og broren, presten Aron med røykjelseskaret. Midt mellom dei lyser ein ung engel med basun imot oss. Dei fire evangelistane er også med, ein i kvart felt med kvar sitt symbol. Markus med løva, Matteus med eit menneske med vengjer, Lukas med oksen og Johannes med ein ørn. Det var jo desse fire som fortalde og fortolka historiene for ettertida. Altartavla har også fire små felt med landskapsmotiv der vi ser fleire tre. Ei forgylt kantlist omkransar det heile. Listverket rundt motiva har han måla blått med raude profiler. Elles har



Altartavla i Volbu kyrkje. Foto: Saskia Aleida Van Veen

altartavla avdempa blå og gul-raude fargar.

I fleire av Valdreskyrkjene med altartavlar frå slutten av 1700-talet, finn vi same oppbygging og utforming. I Røn kyrkje og i den gamle stavkyrkja i Lomen møter vi likande arbeid frå Ole Hermundson Berge sine hender.

I den nye tømmerkyrkja sto det i mange år eit enkelt trekors på altaret. Dette korset erstatta altartavla. Vi kjenner ikkje til når tavla vart bytt ut med dette korset som var 110 cm høgt og 75 cm breitt. Det var måla gråkvitt og var kanta med gull-list. Korset sto festa på altaret i ei låg rektangulær trekasse. Det er ikkje godt å seie kva som var grunnane til at dei valde å erstatte den gamle altartavla med dette trekorset. Kanskje meinte dei at alt skulle vera enkelt i det nye kyrkjerommet og at det var korset som var det sentrale i deira forståing av kristendomen. I alle fall vart korset ståande på altaret i Volbu i mange år. I dag kan ein sjå dette korset i stavkyrkjemuseet ved kyrkja.

I 1904 fekk kyrkja ei ny altartavle i gåve av kunstmålar og konservator Christen Brun (1828-1905) frå

Christiania. Måleriet hans har tittelen «Jesus velsigner brødet» og har innskrifta: «Jeg er livsens brød». Det er ein kopi av eit måleri av den italienske målar Giovanni Bellini frå 1400-talet. Brun var gift med enkefru Feght som dreiv Sanatoriet i Volbu fyrst på 1900-talet. Etter fleire kyrkjebesøk i Volbu, fekk han truleg lyst til gje kyrkja ei gåve som kunne erstatte korset som sto på altaret. I om lag 25 år sette måleriet hans sitt preg på kyrkjelivet.

I 1929 vart endeleg den gamle altartavla, som hadde vore i bruk i den gamle stavkyrkja, teken fram att. Brun-måleriet vart flytt på nordveggen i koret og den gamle altartavla vart hengt oppatt over altaret etter initiativ frå billedhoggaren Sigrí Wellhaven Krag. Kragfamilien hadde hytte i bygda og der ferierte Sigrí nokre veker kvar sumar. Ho hadde stor interesse for Vølbuskyrkja og ynskte å bidra til å forskjønne interiøret der.

Med andre ord finn vi mange spor i Volbu kyrkje etter folk sine ynskje om å bidra til utsmykking av kyrkja. Og der kan vi framleis ta inn over oss bodskapen uttrykt gjennom penselstrøka til målar.



Björg Marie Berge, Kari Steinsrud, Stein Villa og Marit Steinsrud.

Til kjeldene

TEKST OG FOTO: GUNVOR HEGGE

Med ein gamal vals etter Anne Windingstad starta Møsystemadn forteljinga om tre viktige kjelder for langeleiktradisjonane i Volbu. Møsystemadn som består av Bjørg, Marit og Kari Steinsrud hadde sett seg godt inn i livet og spelet til Anne Windingstad (1847 – 1932), Marit Jonsrud (1859 – 1930) og Ingrid Skattebu (1887 – 1971), og saman med Stein Villa gav dei oss eit godt bilete av desse tre gjennom ord og tonar. Kvinnelege utøvarar i folkemusikken er sjeldan nemnt i skriftlege kjelder, og denne konserten var eit ynskje om å heidle desse.

Anne Windingstad, fødd Dahle, var den eldste av dei, og både Marit Jonsrud og Ingrid Skattebu hadde fått grunnopplæringa si hjå henne. Marit Jonsrud var den av dei som for vidast omkring. Ho reiste rundt i landet og hadde konsertar, og her finst det kjelder som fortel at ho var vel ansett som langeleikspelar. Då den danske musikkhistorikaren

Hortense Panum vitja Valdres i 1916-17, skreiv ho ned 11 låttar etter Marit, låttar som blir brukt også i dag.

Ingrid Skattebu, fødd Hegge på Gjæro, er direkte kjelde for Møsystemadn. Her fekk dei lære det grunnleggjande langeleikspelet og gode låttar som er aktivt i bruk enno. Ingrid vart tidleg enke og dreiv garden i Brøta fram til 1958. Etter at ho selde garden og flytte ned på Vangen, opna ho saman med dottera Ingebjørg heimen sin for ungane i grannelaget som hadde lyst til å lære å spela både langeleik og piano.

På konserten i Volbu kyrkje fekk vi både sjå og høyre mange av instrumenta som var brukte av desse kvinnene. Kvelden var vakkert bunde saman med forteljingar, opplesingar og spel som viser samanhengen mellom før og no. Som Eli Vatn sa då ho takka for konserten: «Musikken heng saman, forteljinga rundt seier noko om trådane frå kvinne til kvinne».

Konserten vart avslutta med at vi fekk lære ein song oppteikna av Erik Eggen etter Ingrid Skattebu.



KYRKJELEGE HANDLINGAR JUNI - SEPTEMBER 2021

DÅP

ROGNE KYRKJE:

Jostein Kjærstad
Maja Sofie Myrvang
Erling Odden Nyhagen
Magnus Hovda
Marcus Grydeland
Morten Furulund
Tina Gullaksen

VOLBU KYRKJE:

Marit Moen Bredesen
Torvald Hålien Fyksen

HEGGE KYRKJE:

Jon Rudi-Solhaug
Josefine Ringen Hee

LIDAR SOKN:

Eivind Brendstuen-Rudi

VIGSEL

HEGGE KYRKJE:

Ingrid Skraastad Egge og Petter Egge

HEGGE SOKN:

Sara Beate Ekstrøm Bråten og Albert Asbjørnsen

LIDAR KYRKJE:

Hilde Ulven og Sondre Oddershede Hals
Eirunn Steinsfjord og Ove Ekerbakke

VOLBU KYRKJE:

Silje Ragnhild Onstad Hålien og Gjermund Fyksen

GRAVFERD

ROGNE KYRKJE:

Gudrun Oddlaug Hovrud Vatland
Ingrid Myrvold
Rune Bakken
Johan Nerstad
Ørjan Rogne
Ingrid Milo

HEGGE KYRKJE:

Marit Ødegård Melby

VOLBU KYRKJE:

Lars Moen

LIDAR KYRKJE:

Anders Gjørderingen

VELKOMEN TIL KYRKJE!

Oktober

24 10 2021 Hegge kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

31 10 2021 Rogne kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste. Dåp ved sokneprest Eli Vatn

November

07 11 2021 Hegge kyrkje kl. 19.30
Helgemesse ved sokneprest Eli Vatn

21 11 2021 Lidar kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste. Tårnagent ved sokneprest Eli Vatn

21 11 2021 Volbu kyrkje kl. 19.30
Songgudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

28 11 2021 Rogne kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste. Lysvaken ved sokneprest Eli Vatn

28 11 2021 Lidar kyrkje kl. 19.30
Orgel konsert

Desember

05 12 2021 Volbu kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

19 12 2021 Hegge kyrkje kl. 19.30
Vi syng jula inn ved konfirmantane og sokneprest Eli Vatn

21 12 2021 Skulegudstenester ved sokneprest Eli Vatn
Lidar kyrkje kl. 08.30
Rogne kyrkje kl. 10.00
Volbu kyrkje kl. 11.30

24 12 2021 Lidar kyrkje kl. 13.00
Julaftangudsteneste ved prost Carl Phillip Weisser

24 12 2021 Lidar kyrkje kl. 14.30
Julaftangudsteneste ved prost Carl Phillip Weisser

24 12 2021 Rogne kyrkje kl. 14.30
Julaftangudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

24 12 2021 Hegge kyrkje kl. 16.00
Julaftangudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

25 12 2021 Hegge kyrkje kl. 12.00
Høgtidsmesse ved prost Carl Philip Weisser

25 12 2021 Ø.S Sjukeheim kl. 16.30
Julegudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

25 12 2021 Volbu kyrkje kl. 19.30
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

31 12 2021 Volbu kyrkje kl. 15.00
Nyttårskonsert

Helgemesse 7. november

Dette er den sundagen i kyrkjeåret vi på ein særskild måte minnst dei i kyrkjelydane som har døydd frå oss det siste året.

Vi les opp namna, tenner ljøs, og mange nyttar dagen til ein tur på kyrkjegarden.

Men messa er ikkje berre for dei som ber på sorg og sagn, sundagen er også til minne om «dei heilage» helgenane. Det er sundagen der vona om himmelen får stor plass, både i salmar og tekstlesingar. Dei pårørande til dei som har gått bort får særskild invitasjon i posten.

Messa i Hegge kyrkje 7. november kl. 19.30 er for heile Øystre Slidre.

KYRKJA SI HEIMESIDE:

www.kyrkja.no/oystre-slidre

KYRKJA ER ÒG PÅ FACEBOOK.
/Kyrkja-i-Øystre-Slidre

Her fortel vi om hendingar og opplegg knytt til kyrkjer og kyrkjeliv i kommunen.

Omvisning i Hegge stavkyrkje sommaren 2021

På grunn av Covid 19 var kyrkja open for omvisning berre på laurdagar i juli og august. Ola Kristian Robøle-Hegge tok på seg å vera omvisar i år også. Det er noko han gjer med stor entusiasme og kunnskap. Vi syns alle burde få del i kunnskapen hans om den flotte stavkyrkja vår. Difor laga vi ein kort digital omvisning som alle kan sjå.

Har du lyst til å sjå vår digitale omvisning i Hegge stavkyrkje kan du legge mobilkameraet over QR-koda eller gå inn på www.youtube og søke opp Kyrkja i Øystre Slidre.



Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet.
Vi startar opp att 4. november

Diakonitreff

Vi startar snart opp att men har ikkje fått fastlagt datoar enno. Følg med i avisa og på heimesida til kyrkja.

Salmesong

No prøver vi å koma igang att!

18. oktober, 15. november og 13. desember i Rogne kyrkjestogo kl. 19:00

Pusterom

11. oktober, 8. november og 6. desember
Ope kyrkje i Volbu frå kl. 18.00.
Felles meditasjonsstund frå kl. 18.30

Babysong

19. oktober, 23. november og 7. desember i Rogne kyrkjestogo kl. 11.00.

Babyar mellom null og eitt år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og lett servering.